



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
25/2023	Formannskapet	11.05.2023
33/2023	Kommunestyret	25.05.2023
57/2023	Kommunestyret	28.09.2023

Revisjon av reguleringsplan for Hoskelie - framlegging av innsendt plan det heftar motsegn til

Vedlegg

- 1 2023-02-14 Brev til kommunen om behandling i kommunestyret.pdf
- 2 Plankart Hoskelie 23.11.22 .pdf
- 3 Planbestemmelser Hoskelie 16.12.22.pdf
- 4 5183392-Rapport-01 VA-plan for Hoskelie Hyttefelt E07.pdf
- 5 Presisering av VA-plan vedrørende vannforsyning til Hoskelie hyttefelt.pdf
- 6 Planbeskrivelse Hoskelie 16.12.22.pdf
- 7 ROS analyse Hoskelie 30.11.22.pdf
- 8 2023-02-13 Brev til Vågå kommune.pdf
- 9 Notat fra Hoskelie hyttevevforening 2022-04-26 m vedlegg.pdf
- 10 Brev til Statsforvalteren med kopi til øvrige parter 2021-08-31.pd
- 11 Planbestemmelser Hoskelie - Utan opning for innlagt VA
- 12 Planbeskrivelse Hoskelie - Utan opning for innlagt VA
- 13 ROS-analyse Hoskelie - Utan opning for innlagt VA
- 14 Plankart Hoskelie – Utan opning for innlagt VA
- 15 Brev frå kommunen til Hoskelie hyttevevforening 07.02.2023
- 16 Mattilsynet - uttale til endret reguleringsplan for Hoskelie – fastholder innsigelsen 20.03.2023
- 17 Mattilsynet – uttale til høring – innsigelse 07.07.2021

Saksframlegg:

Bakgrunn for saka

Hoskelie hyttevelforeining sende 14.02.2023 inn revidert forslag til reguleringsplan for Hoskelie til kommunen med anmodning om behandling av saka i kommunestyret på tross av at det heftar motsegn ved planforslaget.

Planprosessen går attende til mai 2019 da Norconsult på vegne av Hoskelie hyttevelforeining varsla revisjon av reguleringsplan for Hoskelie. Gjeldande reguleringsplan for Hoskelie vart vedteken i 1999. Planområdet omfattar 44 punktfeste for fritidsformål, inkl. eit feste v. Vågå Røde Kors. Det er i dag bygt på alle festetomtene. Det er i gjeldande plan regulert ein felles vinterparkeringsplass og føresegnene opnar ikkje vinterbrøyting fram til hyttene. Vidare er det ikkje opna for innlagt vatn- og avløpsløyningar, og planen ivaretek vassforsyning ved felles vasspostar vist i plankartet.

Velforeininga sitt formål med planrevisjon var å opne for vinterbrøyting, regulere køyreveg heilt fram til kvar hytte og legge til rette for oppgradering av standarden på hyttefeltet ved å opne for innlagt vatn samt bringe reguleringsplanen i samsvar med faktiske forhold. Forslagsstillar ønskte også å ta inn føresegner om gjerde i samsvar med kommuneplanens felles retningsliner for dette. Vidare følgjer det med planrevisjon at planen må utarbeidast i samsvar med gjeldande føringar i plan- og bygningslova.

Planforslaget vart ved offentleg ettersyn møtt med motsegner frå NVE og Mattilsynet, noko kommunen tok kontakt med Norconsult om etter avslutta høyring. Hoskelie hyttevelforeining har etter høyring kontakta og sendt brev til både kommunen, regionale instansar og andre m.o.t. framsette motsegner. Det har vore gjennomført fleire møte om saka. Hoskelie velforeining meiner at grunnlaget for motsegnene ikkje er til stade og har ikkje ønskt å følgje opp desse da planforslaget etter deira vurdering legg opp til ein forsvarleg arealbruk. For å kome i hamn med planprosessen valde velforeininga likevel å justere planforslaget i samsvar med nokre innkomne merknader, men innsendt planforslag løyser ikkje motsegn frå Mattilsynet

Mattilsynet har i sin siste uttale 20.03.2023 til innsendt planforslag oppretthalde si motsegn. Dei peikar på at avløpsanlegg kombinert med mange fjellbrønnar aukar fara for forureining av drikkevatnet. Føreslegne løysingar for drikkevatn er ikkje tilstrekkeleg utgreidde i forhold til korleis dei mange avløpsanlegga vil påverke dei mange fjellbrønnane. Dersom motsegn skal kunne trekkast, må moglege forureiningskjelder til drikkevatnet fjernast. Mattilsynet viser til at dette t.d. kan løysast ved felles avlaupsanlegg for gråvatn og at reinsa avlaupsvatn blir leia til resipient som ikkje kan forureine drikkevassbrønnar.

Innsendt planforslag

Innsendt planforslaget for Hoskelie omfattar følgjande dokument

- Plankart (vedlegg 2)
- Føresegner (vedlegg 3)
- VA-plan (vedlegg 4)
- Planbeskrivelse (vedlegg 6)
- ROS-analyse (vedlegg 7)

I tillegg til oversendingsbrev med anmodning om framlegging av innsendt planforslag for kommunestyret, har Hoskelie hytteveforeining også lagt ved følgjande dokument: eit notat som følgjer VA-planen "Presisering av VA-plan vedrørende vannforsyning til Hoskelie hyttefelt" (vedlegg 5), Brev til Vågå kommune 13.02.2023 (vedlegg 8), Notat frå Hoskelie hytteveforeining 26.04.2022 (vedlegg 9), Brev til Statsforvalteren med kopi til øvrige parter 31.08.2021 (vedlegg 10).

Vedlegg 1-10 omfattar m.a.o. innsendt planforslag og øvrige dokument Hoskelie veforeining har vedlagt i si innsending 14.02.2023 til kommunen.

Det innsendte planforslaget er litt justert i forhold til planforslaget som var på høyring i 2021. Forslagsstillar representert ved Norconsult har i e-post 21.12.2022 på følgjande måte omtalt dei justeringar som er gjort i plandokumenta etter offentlig ettersyn:

"VA-plan:

- *Oppdatert med nye brønner/hensynssoner og revidert tekst med hensyn til gråvannsløsninger.*

Plankart:

- *Oppdatert med hensyn til nye hensynssone- grunnvannsforsyning (nye brønner)*
- *Sist registrerte kulturminner er lagt inn med båndleggingsområde.*
- *Dreneringslinjer er lagt inn med 20 meter til hver side, angitt med hensynssone flomfare.*


Planbestemmelser:

- *Oppdatert med hensyn til VA*
- *Oppdatert med hensyn til kulturminner*
- *Justert med hensyn til flomfareavgrensing*


Planbeskrivelse og ROS:

- *Endret for å samsvare med ovennevnte endringer."*


Omtalte justeringar er gjort med bakgrunn i innkomne merknader/innspeil i høyringa.



Figur 1: Innsendt plankart, nedkopiert



Figur 2: kart i innsendt VA-plan (utsnitt nedkopiert). Teiknforklaring til kartet er vist under.



Historikk – oppsummering av prosessen

Nedanfor er det gjeve ei oppsummering av planprosessen i kronologisk rekkefølge. I denne oppsummeringa er også innkomne høyringsuttaler siterte og kommenterte av kommunedirektøren.

Om prosessen før høyring

Planprosessen vart starta våren 2019. Hausten 2020 lanserte NVE aktsemdkart for flom. Kommunen kontakta NVE om dette nye kartgrunnlaget i forhold til igangsett planrevisjon. NVE gav attendemelding om at reell fare måtte avklarast på reguleringsplannivå og at planen utan dette ville bli møtt med motsegn, noko kommunen vidareformidla til forslagsstillar. Planprosessen stoppa etter dette opp da Hoskelie velforeining meinte dette ikkje var rett tolking av lovverket og ikkje ønskte å gjere slik utgreiing. Dette går fram m.a. av Hoskelie velforeining sitt brev 14.02.2021 til kommunen der dei ber kommunen om å sjå bort frå NVE sine krav.

Kommunedirektøren viser til attendemelding til forslagsstillar 04.03.2021 der kommunen skreiv at ingen er tent med at planprosessen stoppar opp, og at administrasjonen kan innstille på å høyre planforslaget for å få fram høyringsinstansane sine formelle uttaler. Administrasjonen gav ikkje signal om at det låg til rette for at planforslaget kunne sluttbehandlast slik planen var fremma av forslagsstillar, men understreka derimot at motsegner som blir fremma til planforslaget er det forslagsstillar sitt ansvar å rette for å kome vidare med planen. Dvs. at planforslag det heftar manglar ved går attende til forslagsstillar for utgreiing og justering for å ta omsyn til motsegner eller andre vesentlege merknader.

Norconsult sende 26.04.2021 inn planforslaget til kommunen for høyring og offentleg ettersyn.

Om høyring og offentleg ettersyn – innkomne uttaler

Planforslaget vart, jf. formannskapsvedtak 03.06.2021 sak 37/21, lagt ut på høyring og offentleg ettersyn. Uttalefrist var 06. 08.2021.

Det kom uttale til planforslaget frå følgjande instansar:

- NVE Region Øst
- Mattilsynet Region Øst
- Statsforvaltaren i Innlandet
- Innlandet fylkeskommune
- Statens vegvesen Region Øst
- Statskog SF
- Vågå fjellstyre
- Fjellnett AS

Planforslaget vart møtt med merknader frå fleire høyringsinstansar. Det vart fremma motsegner frå NVE og Mattilsynet, slik det går fram Statsforvaltaren sitt brev 29.07.2021. Statsforvaltaren i Innlandet har ein samordningsfunksjon for statlege motsegner til kommunale planar.

➤ ***Statsforvaltaren sitt samordningsbrev 29.07.2021 (sitert i kursiv):***

"Vi viser til oversending dagsett 14.06.2021 Sendinga gjeld reguleringsplan for Hoskelie, høyring og utlegging til offentleg ettersyn.

Statsforvaltaren har gitt faglege merknader i eige brev dagsett 14.07.2021.

Samordning av statlege motsegner til kommunale planar er ei fast ordning som inneber at motsegner frå statlege myndigheiter kjem samordna frå Statsforvaltaren til kommunen. Planfasen etter at motsegn er fremma blir ikkje påverka av ordninga. Men kommunen og myndigheitene som har fremma motsegn blir oppmoda til å arbeide aktivt for å avklare desse lokalt. Dersom partane ikkje kjem til einigheit blir saka lagt fram for mekling.

Motsegner til planen:

Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE:

- NVE har motsegn til planen fordi dei meiner den strir mot vesentlege regionale og nasjonale interesser knytt til NVEs ansvarsområde, jf. pbl §§ 5-4 og 28-1, byggteknisk forskrift § 7-2 og vrl §§ 8 og 45.

Mattilsynet:

- Mattilsynet har motsegn når løysingar for drikkevatt ikkje er tilstrekkeleg greidd ut og når VAPLAN manglar. Viser til § 4.2, i Lov om planlegging og byggesaksbehandling (PBL), der planomtalen skal gi ei særskild vurdering og skildring på verknadene til planen på miljø og samfunn. Dette betyr at reguleringsplanen skal innehalda ein gjennomarbeidd plan for etablering av vassforsyning og handtering av utslepp, for området, slik at vi som sektormyndnen kan vurdere saksområdet vårt (jf. PBL § 5.4). Mattilsynet vurderer at planen ikkje er tilstrekkeleg vurdert på fleire område innanfor deira sektormyndighet.

Motsegnene er knytt til ivaretaking av nasjonale og vesentlege regionale interesser, samt formelle manglar. Dei er ikkje gjenstand for samordning. Det er og gitt rettleiing om kva som skal til for å løyse motsegnene. Vi oppmodar kommunen til å ha vidare dialog med NVE og Mattilsynet. Statsforvaltaren kan bidra i møte med kommunen og nemnde myndigheiter dersom kommunen ønskjer det, jf. også våre faglege merknader."

Nedanfor er alle innkomne høyringsuttaler siterte. Kommunedirektøren har kommentert kvar uttale.

➤ **NVE Region Øst**, uttale vist i kursiv:

"Vi viser til høyringsdokument datert 15.06.2021, samt tidligere kommunikasjon i saken (NVEs brev/e-poster datert 26.11.2020, 10.12.2020, 017.01.2021, 24.02.2021 og 14.05.2019). NVE fremmer innsigelse til planen fordi vi mener den strider mot vesentlig regionale og nasjonale interesser knyttet til NVEs ansvarsområder, jf. pbl §§ 5-4 og 28-1, byggteknisk forskrift § 7-2 og vrl §§ 8 og 45. Planen avklarar ikke reell flomfare slik kravet er jf. pbl § 28-1 og byggteknisk forskrift § 7-2. For å løse innsigelsen må det legges fram dokumentasjon på tilstrekkelig sikkerhet basert på en faglig etterprøvbar vurdering av reell fare for planområdet. Vi ber også om at det legges frem en vurdering av vannuttaket som avklarar forholdet til vannressursloven.

Bakgrunn

Reguleringsendring for Hoskelia fremmes av Norconsult AS på vegne av Hoskelie Vel. Formålet med reguleringsendringen er å tilrettelegge for vinterbrøyting og vann- og avløpsløsninger for eksisterende hytter og hyttetomter i Hoskelie i Vågå kommune. Det foreligger en gjeldende reguleringsplan for området vedtatt 23.03.1999. Hyttefeltet er i dag bygd ut og omfatter 44 festetomter. Eksisterende reguleringsplan åpner ikke for vinterbrøyting eller innlegging av vann, og det er ønske om å endre planen slik at denne legger til rette for helårsveg og muligheter for vann og avløp. Det er videre ønskelig å bringe reguleringsplanen i samsvar med de faktiske forhold og vise atkomster fram til hyttene. Det planlegges ikke for flere hyttetomter, men det er åpning for ulike byggetiltak på eksisterende tomter. Planområdet omfattes av aktsomhetsområder for flom. Aktsomhetskartene for flom kom etter at gjeldene plan ble

vedtatt. I nytt planforslag er i hovedsak aktsomhetskart flom benyttet som grunnlag for hensynssoner flom (H_320).

NVEs vurdering

Flom

Planområdet er omfattet av aktsomhetsområder for flom. Dette gir informasjon om en potensiell fare innenfor planområdet. Sikkerhetskravene i byggeteknisk forskrift § 7-2 omhandler også økonomiske tap som en følge av naturfare. På siste plannivå skal reell fare være avklart (jf. pbl § 28-1). NVE viser i den sammenheng til KMD sitt Rundskriv H-5/18 "Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling" om nivå på kartlegging av risiko og sårbarhetsforhold i reguleringsplan (kap 2.11.1 side 12).

Ved revisjon av eldre reguleringsplaner er det krav om at alle relevante tema skal tas opp til revisjon, ikke bare et utvalg av temaer. Planen må også oppdateres i tråd med gjeldene kunnskapsgrunnlag og lovverk.

For dokumentasjon av tilstrekkelig sikkerhet mot flom (jf. pbl § 28-1) holder det ikke bare å benytte aktsomhetsområder som grunnlag for hensynssoner flom eller en standard avstand som 20 meter (jf. NVE 2/2017), uten noen ytterligere faglige vurderinger av gyldigheten av dette i det konkrete tilfellet. Det faglige grunnlaget og detaljeringsgraden for aktsomhetskartene for flom er ikke tilstrekkelig for dokumentasjon av reell fare i en reguleringsplan, uten noen ytterligere faglig etterprøvbare vurderinger. Se informasjon om aktsomhetskartene på NVEs karttjenester .

Vannuttak

Det er regulert inn areal til grunnvannsforsyning av hyttefeltet. NVE gjør oppmerksom på at alle grunnvannsuttak omfattes av vannressursloven (vrl) sine bestemmelser. Reguleringsplanen åpner for å legge inn vann i hyttene. For beregning av forbruk vann pr hytte må det legges til grunn minimum 200 liter/pers/døgn og 1000 liter/døgn/hytte. Ut fra det vi kan se, er det dette volumet Norconsult har lagt til grunn (Oppdragsnr.: 5183392 Dokumentnr.: 004 Versjon: E003).

Slik vannressursloven § 45 er formulert, er det meldeplikt til NVE som slår inn når vannuttaket overstiger 100 m³/døgn. Dette er regnet ut fra det døgnet i året med maks uttak. For uttak under 100 m³/døgn er det tiltakshaver selv som skal vurdere uttaket i forhold til magasinets tåleevne mm i forhold til konsesjonsplikt. Konsesjonsplikten for grunnvannsuttak gjelder uavhengig av uttaksvolum og slår inn der grunnvannsuttaget kan være til nevneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser. Det er derfor ingen automatikk i at man fritt kan ta ut grunnvann, selv om uttaket holdes under 100 m³/døgn. Og det er heller ingen automatikk i at man fritt kan øke vannuttaket fra eksisterende brønner, selv om uttaket holdes under 100 m³/døgn.

To sentrale spørsmål er om 1) uttak av grunnvann blir begrenset til det grunnvannsmagasinet tåler jf. vrl § 44 eller om 2) vassdraget kan bli negativt berørt av økt uttak jf. vrl § 10. Hvis uttaket for hyttefeltet samlet sett ikke er meldepliktig til NVE (dvs. over 100 m³/døgn) må tiltakshaver selv foreta en vurdering av om en økning av grunnvannsuttaget kan være konsesjonspliktig. Etter vår vurdering er notatet fra Norconsult1 mangelfullt fordi det ikke er gjort konkrete vurderinger av magasin, eksisterende uttak, konsekvenser av økt uttak mm. Før vi kan trekke innsigelsen må det legges frem en vurdering av vannuttaket som avklarer forholdet til vannressursloven.

Det vises for øvrig til NVEs veileder 1/2021 «Veileder til vannressursloven og NVEs behandling av vassdrags- og grunnvannstiltak», samt informasjon om søknadsprosessen for konsesjonsbehandling på NVEs hjemmesider.

Konklusjon

NVE fremmer innsigelse til planen fordi vi mener den strider mot vesentlig regionale og nasjonale interesser knyttet til NVEs ansvarsområder, jf. pbl §§ 5-4 og 28-1, byggeteknisk forskrift § 7-2 og vrl §§ 8 og 45.

Planen avklarer ikke reell flomfare slik kravet er jf. pbl § 28-1 og byggeteknisk forskrift § 7-2. For å løse innsigelsen må det legges fram dokumentasjon på tilstrekkelig sikkerhet basert på en faglig etterprøvable vurdering av reell fare for planområdet.

Uttak av grunnvann må begrenses til det grunnvannsmagasinet tåler jf. vrl § 44, eller til et volum som sikrer at vassdrag ikke kan bli negativt berørt av økt uttak jf. vrl § 10. Norconsult har etter det vi kan se lagt til grunn at uttaksvolumet i denne planen ikke er meldepliktig (under 100 m³/døgn). Tiltakshaver må da selv foreta en vurdering av om en økning av grunnvannsuttaget for hyttefeltet kan være konsesjonspliktig. Vi kan ikke se at det er gjort konkrete vurderinger av magasin, eksisterende uttak, konsekvenser av økt uttak mm. Før vi kan trekke innsigelsen må det legges frem en vurdering av vannuttaket som avklarer forholdet til vannressursloven."

Kommunedirektørens kommentarer:

Kommunedirektøren har teke NVE sin motsegn til etterretning. NVE kom med ny uttale jf. e-post 05.07.2021. Forslagsstillar har følgd opp desse i innsendt planforslag. NVE har i sin siste uttale trekt motsegnene under føresetnad av at planen blir vedteken som framlagt når det gjeld deira ansvarsområde. Kommunedirektøren legg ut frå dette til grunn at NVE sine merknader er ivaretekne.

➤ **Mattilsynet**, uttale vist i kursiv:

" Vi viser til brev fra Vågå kommune datert 14.6.2021 om «Detaljregulering for Hoskelie – Planendring – Høring og offentlig ettersyn», med høringsfrist 6. august 2021.

Som sektormyndighet for drikkevannsområdet kan Mattilsynet fremme innsigelser ved mangler i reguleringsplaner.

Mattilsynet fremmer innsigelse til planen når denne ikke er tilstrekkelig utredet.

Mattilsynet fremmer innsigelse når løsninger for drikkevann ikke er tilstrekkelig utredet og når VA-plan mangler. Viser til § 4.2, i Lov om planlegging og byggesaksbehandling (PBL), hvor planbeskrivelsen skal gi en særskilt vurdering og beskrivelse på planens virkninger på miljø og samfunn. Dette betyr at reguleringsplanen skal inneholde en gjennomarbeidet plan for etablering av vannforsyning og håndtering av utslipp, for området, slik at vi som sektormyndigheten kan vurdere vårt saksområde (jf. PBL § 5.4).

Vi viser til følgende dokumenter og punkter:

1. Planbeskrivelse, Reguleringsendring Hoskelie, PlanID: 34350006
 - 3.1 Arealbruk
 - Vann og avløp (side 15)
2. Overordnet VA-plan, Hoskelie Hyttefelt
 - 2 Områdebeskrivelse
 - 2.2 resipient og krav til rensing
 - 2.4 Vannforsyning
 - 2.4.1 Dagens situasjon
 - 2.5 Fremtidig løsning
 - 3 Undersøkelser
 - 3.1 Grunnundersøkelser
 - 3.2.3 Infiltrasjonsdiagram og vurderinger av infiltrasjonskapasitet
 - 3.3 Oppsummering
 - 4 VA-plan
 - 4.1 Vannforsyning
 - 4.2 Aktuelle renseløsninger for avløp fra Hoskelie hyttefelt
 - 4.1.2 Infiltrasjonsanlegg

- 4.3 Anbefaling om løsning
3. Risiko- og sårbarhetsanalyse, detaljregulering Hoskelie
 - 4 Fareidentifikasjon samt vurdering av risiko og sårbarhet
 - 4.1 Innledende farekartlegging
 - Tabell 4.1 – Oversikt over relevante farer
 4. Planbestemmelser for Hoskelie Hyttefelt – Vågå kommune
 - Bebyggelse og anlegg
 - Pkt k) Vannforsyning og avløpssystem
 - Sikringszone – Område for grunnvannsforsyning (H120)

Mattilsynet kan ikke se av overnevnte punkter at avløpsløsningenes påvirkning av fjellbrønner er vurdert. Vurdering av vannkvaliteten i kildene og etablering fellesløsning(er) mangler. Planen må utredes bedre med tanke på å fastsette beskyttelse av vannkildene gjennom tilstrekkelige hensynssoner og bestemmelser. Planen skal inneholde klare rekkefølgebestemmelser for etablering av vannforsyningen og eierskapet av VA-løsningen skal være fastsatt i planen.

Vi kommenterer de overnevnte punktene særskilt:

1. Planbeskrivelse, Reguleringsendring Hoskelie, PlanID: 34350006
 - Det er beskrevet i planen at det åpnes for innleggelse av vann til hyttene i Hoskelie og en overordnet VA-plan er utarbeidet. Det er beskrevet en løsning med infiltrasjon av totalavløpsvann som skal legges til grunn der dette er mulig. VA-planen angir hvilke grupper av hytter som kan ha felles infiltrasjonsanlegg og hvilke enkelthytter som må ha eget separat infiltrasjonsanlegg. Videre beskrives det at det må tas hensyn til drikkevannskilder ved prosjektering av utslippsanordning.
 - Vi mener at planen ikke er tilstrekkelig utredet med tanke på avløpsløsningenes påvirkning på nåværende og fremtidige drikkevannsbrønner i fjell.
2. Overordnet VA-plan, Hoskelie Hyttefelt
 - Planen beskriver at terrenget heller mot Sjøa/Øvre Sjødalsvatn og det forventes at avrenning følger terrenghelningene mot disse vannforekomstene.
 - Vi mener at planen ikke er tilstrekkelig utredet med tanke på hvordan avløpsløsningene vil påvirke drikkevannsbrønnene i fjell og vannforekomstene.
 - Det beskrives i planen at brønndataene på eksisterende fjellbrønner i hyttefeltet ikke er benyttet i utarbeidelse av planen.
 - Vi mener at denne dokumentasjonen, sammen med analysesvar fra uttatte drikkevannsprøver må tas med i vurderingen av en VA-løsning for hyttefeltet. Den historiske dokumentasjon på vannkvaliteten, både den mikrobiologiske og den kjemiske kvaliteten, fra eksisterende kilder er viktig for å kunne vurdere etableringen av fremtidig VA-løsning.
 - I planen beskrives det at det er ønskelig å etablere flere brønner i feltet slik at vannforsyning i større grad blir privat. Det legges opp til å etablere flere brønner slik at hytter som ønsker det kan få innlagt vann.
 - Vi mener at dette ikke er i tråd med nasjonale føringer for etablering av en VA-løsning. Planen må utredes med tanke på etablering av fellesløsninger i hyttefeltet og planen må være tydelig på hvem som skal være vannverkseier(e) i VA-løsningen, jf Lov om vass- og avløpsanlegg §§ 1 og 2
 - Eksisterende vannforsyning til Hoskelie Hyttefelt er ikke registrert hos Mattilsynet. Etablering av vannforsyningen vil være godkjenningsspliktig i henhold til § 18 i Forskrift om vannforsyning og drikkevann (Drikkevannsforskriften). Det må søkes plangodkjenning til Mattilsynet.

- *Det er beskrevet i planen at det ble gravd 7 prøvehull for å undersøke stedlig løsmassefordeling, løsmassetype og infiltrasjonsegenskaper. Videre beskrives det i planen at det ved prosjektering av infiltrasjonsanlegg må gjøres vurderinger i forhold til utstrekning av aktuelle løsmasselag som er egnet for infiltrasjon, samt retning på grunnvannstrøm, for å unngå eventuelle problemer med kontaminering av drikkevannskilder eller oppkommer av avløpsvann nedstrøms infiltrasjonsanlegget.*
 - *Vi mener at infiltrasjonen i løsmassene kan påvirke drikkevannskildene, uavhengig av grunnvannsstrømmen, da gjennom sprekker i fjell og inn til brønnen. Planen må utredes bedre med tanke på hvordan drikkevannskildene skal kunne beskyttes tilstrekkelig.*
 - *Det er beskrevet i planen at det er aktuelt å etablere flere brønner for å sikre leveranse av tilstrekkelige mengder drikkevann til alle hyttene, og at det må baseres på fjellbrønner. Brønndata fra eksisterende vannposter er ikke tatt med i vurderingene til planen.*
 - *Vi kan ikke se at planen har vurdert eksisterende drikkevannskilder med tanke på brønndata, kapasitet og kvalitet. Dette må utredes for å kunne velge en VA-løsning.*
3. *Risiko- og sårbarhetsanalyse, detaljregulering Hoskelie*
- *Planen har i tabellen «Oversikt over relevante farer» vurdert at eksisterende drikkevannskilder hensyntas ved utbygging og at VA-planen viser områder for drikkevannsforsyning som må hensyntas.*
 - *Vi mener at planen ikke har en tilstrekkelig vurdering av risikoen og sårbarheten til eksisterende og fremtidige drikkevannskilder, med tanke på at det er fjellbrønner og stedvis lite overdekning av løsmasser.*
4. *Planbestemmelser for Hoskelie Hyttefelt – Vågå kommune*
- *Det er beskrevet at VA-plan, datert 20.04.2021, legges til grunn og at den er førende for hvilke avløpsløsninger den enkelte hytte skal ha, og hvilke områder som benyttes grunnvannsforsyning.*
 - *Vi mener at framlagte VA-plan må utredes bedre på de punktene som vi omtalt over, før denne kan legges til grunn.*
 - *Vi mener at planen skal inneholde rekkefølgebestemmelser for etableringa av VA-løsninger (vannforsyningssystem), jf PBL*
 - *Vi kan ikke se av planbestemmelsene at det er fastsatt bestemmelser for aktiviteter innenfor planområde. Eksempelvis etablering av energibrønner, graving m.v.*
 - *Vi mener at planbestemmelsen må ha bestemmelser som regulerer hva som er tillatt og ikke tillatt for området, da det allerede er etablert mange drikkevannsbrønner i fjell.*
 - *Det er beskrevet i planen at sikringssonen omfatter områder avsatt til framtidig drikkevannsforsyning, og at brønnpunkt kan flyttes til annen grønn struktur ovenfor hyttebebyggelsen. Planen beskriver også at det er ikke tillatt med tiltak som kan tenkes å forringe vannkvaliteten eller påvirker brønnen på en negativ måte i disse områdene.*
 - *Vi mener at fastsettelse av sikringssonen må utredes bedre. Sikringssonen kan ikke bare omfatte område avsatt til drikkevannsforsyning når det etableres fjellbrønner i eller utenfor avsatt område.*
 - *Det må fastsettes klare bestemmelser på hva som tillates og ikke tillates av aktiviteter innenfor sikringssonene for vannforsyningen.*

Vurdering og veiledning

Viser videre til Lov om planlegging og byggesaksbehandling (PBL) § 27-1, som krever at det er forsvarlig adgang til hygienisk betryggende og tilstrekkelig drikkevann. Denne bestemmelsen må sikres gjennom

rekkefølgebestemmelser i planen. Dette innebærer at drikkevanskildene må først lokaliseres og plasseres i det regulerte området. Så må det undersøkes om vannkilden(e) kan levere hygienisk godt drikkevann i tilstrekkelige mengder, og eventuelt etablere vannbehandling for å oppnå dette. Klarer ikke drikkevanskilden å levere vann av drikkevannskvalitet, må annen løsning etableres. Kilden(e) skal deretter beskyttes med hensynssoner i planen (jf PBL § 12-6) og som har fastsatte bestemmelser for aktiviteter som tillates og ikke tillates innenfor sonene.

Hyttfeltet består av 65 hytter og det er krav om plangodkjenning av vannforsyningssystemet. Det skal søkes til Mattilsynet, jf Drikkevannsforskriften § 18. Kravet om plangodkjenning kan ikke omgås ved å dele opp vannforsyningsystemet i flere vannforsyninger/vannposter med færre brukere. Det må dokumenteres gjennom søknaden at drikkevannsforsyningen som etableres kan levere tilstrekkelige mengder hygienisk trygt drikkevann.

Når det gjelder eierskap- og ansvarsforhold for VA-løsningen for hyttfeltet, så er dette noe som må klarlegges. Vass- og avløpsanleggslova §1 setter i utgangspunktet krav til at nye anlegg skal være eid av kommunen. I lovens § 2 kan kommunen etter søknad gi tillatelse til nye private anlegg. Nye anlegg skal organiseres som andelslag eid av brukerne. Kommunen avgjør om det ellers skal stilles særlige vilkår for tillatelsen. Et andelslag vil da være vannverkseier i henhold til Drikkevannsforskriften § 3 bokstav m). Drikkevannsforskriften sier at vannverkseieren skal sikre at drikkevannet er helsemessig trygt, klart og uten fremtredende lukt, smak og farge (jf § 5). Videre sikre at drikkevannet beskyttes mot forurensning (jf § 12). Vannverkseieren skal i samarbeid med Kommunen vurdere behovet for restriksjoner for å beskytte råvannskilder og vanntilsigsområder (jf § 26)

Kommunedirektørens kommentarer:

Kommunedirektøren tek Mattilsynet sin uttale og motsegn til etterretning og sluttar seg til dei faglege vurderingane. Det har vore møte, dialog og brev som oppfølging av motsegn frå Mattilsynet. VA-plan som følgjer innsendt planforslag er litt justert. Mattilsynet har jf. sin siste uttale datert 20.03.2023 oppretthalde si motsegn. Kommunedirektøren viser til si samla vurdering av saka og tilrår å løyse motsegna ved at det ikkje blir opna for innlegging av vatn- og avløpsløyser i Hoskelie.

Velforeininga si vassprøvetaking av eksisterande vasskjelder viser m.a. at ei av vasskjeldene, regulert som felles vasspost i gjeldande plan, ikkje tilfredsstillar krava til trygt drikkevann pga. høgt innhald av mangan (Mn). For å ivareta kravet om trygt drikkevann, meiner kommunedirektøren at denne vassposten må takast ut av planen.

➤ **Statsforvalteren i Innlandet**, uttale vist i kursiv:

" Vi viser til oversending i brev 14.06.2021 samt vedtak i formannskapet i sak 37/21 om å leggje forslag til endring av reguleringsplan for Hoskelie ut til offentleg ettersyn og høyring.

Bakgrunn for saka

Reguleringsendring for Hoskelie blir fremma av Norconsult AS på vegne av Hoskelie Vel. Føremålet med reguleringsendringa er å leggje til rette for vinterbrøyting samt løysningar for vatn- og avlaup for eksisterande hytter i Hoskelie i Vågå kommune.

Gjeldande reguleringsplan for området er frå 1999. Hyttfeltet er i dag bygd ut med 44 festetomter. Reguleringsplanen opnar ikkje for vinterbrøyting eller innlegging av vatn. Hoskelie Vel har ønskt å endre planen slik at dette er mogleg. Endringa er gjennomført som ordinær endring, ikkje etter forenkla prosess.

I samband med endringa er det også lagt opp til å syte for at reguleringsplanen blir i samsvar med dei faktiske tilhøva etter gjennomført utbygging, m.a. med å vise tilkomst fram til hyttene. Forslaget til reguleringsplan legg ikkje til rette for ny utbygging. Planforslaget er også oppdatert i høve til gjeldande plan- og bygningslov og SOSI-versjon.

Det følgjer ein overordna VA-plan for hytteområdet med planforslaget. Denne drøftar ulike moglege løysningar, på grunnlag av grunnundersøkingar og reinsekra. På grunnlag av dette rår ein til hovudsakleg separate avlaupsløysningar, for einskildhytter eller grupper av hytter. Rapporten peikar også på at mange hytteeigarar er nøgd med eksisterande løysning med vasspostar, forbrennings- eller komposttoalett samt infiltrasjon av gråvatn. Tilrådd løysning gjev slik sett fleksibilitet.

Det er tidlegare konkludert med at planforslaget ikkje løyser ut krav om konsekvensutgreiing.

Statsforvaltaren sine merknader

Våre innspel er gitt tematisk under:

Tilstand og verknad i resipienten

Planområdet inngår i det generelle nedbørfeltet til Sjoa. I strekket mellom Gjende og Øvre Sjudalsvatnet er Sjoa karakterisert som ei middels til stor elv, kalkfattig og med lite humus og turbiditet. Elva har i dag moderat tilstand og ukjent kjemisk tilstand, og seiast å vere i stor grad påverka av avløp frå spreitt busetnad (hytter) med eutrofieringsverknadar. Sjoa blir vidare omtalt som ei populær elv for rafting og kajakkurar, som også brukast for fiske og rekreasjon. Det går fram av ROS-analysen at avløpssystem generelt vil vere ei kjelde til forureining, og at leidningsbrot, overløp, flaum e.l. vil kunne medføre fare for forureining i Sjoa.

Statsforvaltaren saknar ei vurdering av tiltaka i forhold til § 12 i vassforskrifta, samt ei meir utfyllande utgreiing for kva konsekvensar planforslaget vil kunne ha for resipienten, spesielt med tanke på vasskvalitet og kjemisk/biologisk tilstand. Ein har vurdert at risikoen ikkje er så stor for at utslepp av avløpsvatn vil påverke resipienten, men det er ikkje beskrive kva konsekvensane blir om dette likevel skulle skje.

Vatn- og avløpsløysningar

Planforslaget legg opp til at det skal etablerast mange små avløpsanlegg og mange private brønnar. På avløpssida grunnjevast dette mellom anna med resultat frå grunnundersøkingar, og for å ta omsyn med hytteeigarars fleksibilitet med tanke på tidspunkt for oppgradering av sanitærstandard.

Når det gjelder drikkevatn ser det ut til at det er eit ønske at brønnar i større grad skal vere private, og at man difor legg opp til enda fleire brønnar i feltet. Etter Statsforvaltaren syn vil mange avløpsanlegg, kombinert med mange brønnar innanfor planområdet, auke faren for forureining av drikkevatn. Vi er og bekymra for at nye private avløpsutslepp frå omlag 65 hytter vil medføre enda større problem i Sjoa.

Statsforvaltaren saknar ei vurdering av moglegheitene for ei felles vassforsyning kombinert med eitt større og meir konvensjonelt reinseanlegg som kunne ivaretatt avløpet frå heile planområdet. Dette ville etter vårt syn kunne vært ei god løysing med tanke på drift, stabilitet, reinsing og kontroll med utslepp av avløpsvatn, samt gitt redusert risiko for forureining av drikkevatn og dei sårbare høgffjellsresipientane i området.

Vi gjer merksam på at kommunen kan stille funksjonskrav som planføresegnene. Dersom kommunen vel å akseptere dei løysingane som er beskrive i planforslaget anbefaler vi at kommunen vurderer å stille krav om at anlegga etablerast med moglegheit for å ta ut avløpsprøvar. Dette vil kunne bidra til at kommunen raskare vil kunne fange opp eventuelle overutslepp og/eller avløpsanlegg som ikkje fungerer etter hensikta.

Dersom kommunen vel å opne for vatn og avløp i dette området bør ein prøve å forsyne området med vatn frå så få brønnar som mogleg og at avløpet i størst mogleg grad reinsast i fellesanlegg. Vi minner om at kommunens plikt som forureiningsmyndigheit ikkje berre inneber at kommunen må behandle alle søknadar om enkeltutslepp, men at kommunen også må følgje opp anlegga gjennom tilsyn og kontroll for å sikre at reinsekra vert overheldt.

Samfunnstryggleik

Det er utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse for reguleringsplanen. Analysen er utarbeidd i tråd med rettleier Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, 2017.

I samsvar med denne er det funne risikotilhøve som gjeld flaum, vind/ekstremnedbør, skog- og lyngbrann og akutt forureining. Risikoreducerande tiltak er foreslått, og det blir vist til m.a. tilstrekkeleg dimensjonering av vegkryssing og tilkomstveg, flaumsikring av VA-løysningar og vedlikehald av nye og eksisterande stikkrenner, grøftar og overvasstiltak.

Samfunnstryggleiks- og beredskapsmessige omsyn synest difor å vere varetatt i planen. Vi vil likevel peike på at vestlege delar av planområdet inngår i varsemdområde for flaum. Vi viser her til motsegn frå Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE, til reguleringsplanen. Statsforvaltaren føreset at motsegna blir følgd opp i samråd med direktoratet og at desse omsyna blir teke inn i reguleringsplanen slik NVE krev.

Reindrift

Generelt vil vinterbrøyting og auka standard på hyttene medføre meir trafikk og ferdslø i dei kringliggjande områda. Dette kan påverke reinen og reindriften negativt. Ut frå reindriften arealbrukskart ser vi at areal i nærleiken blir nytta til kalvingsland og vinterbeite. Vinteren er ei årstid der reinen er særleg sårbar for forstyring. Det går også ei flyttlei tett inntil/i sjølve planområdet som er viktig å oppretthalde for drifta, sjå kartet under.

Kartutsnitt fra www.kilden.nibio.no som viser kor planområdet ligg i høve til reindriften oppsamlingsområder (oransje) og flyttleier (gul) i området.

Med bakgrunn i nærleik til flyttlei rår vi til at reindriften får høve til å komme med innspel til planendringa og at ein freistar å unngå eventuelle ulemper for reindriften. Vi registrerer elles at tal hytter ikkje blir endra, dette er i tråd med dei reindriftsfaglege råda for området.

Friluftsliv

Skiløyper er teke inn i planforslaget, dette er positivt. Men det verkar som om merka DNT stig austover mot m.a. Sikkilsdalen ikkje er lagt inn i planen. Vi ser ikkje bort frå at denne kan vere lagt om og utanom hyttefeltet i samband med utbygging av Hoskelie, men spelar likevel inn dette for ein utsjekk.

Kommunedirektøren sin kommentar:

Statsforvaltaren sin uttale blir teken til etterretning. Omtalt stigtrase går fram av bakgrunnskart, og kommunedirektøren meiner stigtraseen strengt tatt ikkje må vere avmerkt i plankartet, men kan inngå i LNF-formålet.

Kommunedirektøren merker seg påminninga om kommunen sitt ansvar som lokal forureiningsstyresmakt. Det er kommunen som behandlar utsleppssøknader og gjev utsleppsløyve. Det er vidare kommunen sitt ansvar å føre kontroll og tilsyn med anlegga for å sjå til at reinsekrava blir overhalde. Det følgjer eit vesentleg ansvar med dette.

Kommunedirektøren viser til si samla vurdering av saka og tilrår å løyse motsegna frå Mattilsynet ved at det ikkje blir opna for innlegging av vatn- og avløpsløyser i Hoskelie.

➤ **Statskog**, uttale vist i kursiv:

"Viser til deres referanse 2021/405-11. Hoskelie hyttefelt ligger innenfor Langmorkje statsallmenning der Statskog er grunneiere. Statskog er positive til planendringen med vinterbrøyting av vei og VA-anlegg i Hoskelie. Dette først og fremst med tanke på ryddige VA forhold i området. Med planendringen blir det

bedre oversikt og kontroll på avløpsløsningene, kontra dagens løsning hvor det ikke er helhetlig bilde på hvordan avrenningen og forurensningen er fra den enkelte hytte. Vinterbrøyting av vei er allerede behandlet og praktisert med dispensasjon i flere år.

Forslag til endringer:

- *Hyttefestene i Hoskelia er i dag etablert som punktfester. Dette videreføres i planforslag. Statskog ber om at planen endres ved å legge inntil 1000 kvm tomt rundt bebyggelsen som arealfeste på hver enkelt festegrunn i planen. Avløpsløsningene og eksisterende bygg til det enkelte feste bes lagt innenfor tomtegrensen til inntegnet arealfestet.*

Arealfeste er i dag en bedre organisering av tomtefeste enn punktfeste. I forhold til størrelse på bygg, antall bygg, og nå den foreslåtte planendringen tilsier at arealfeste er beste og ryddigste løsning. Alle parter, fester, bortfester, kommune og naboer vil være kjent med hvilke areal som kan benyttes. Punktfester er mer en diffus avgrensning, hvor tomtebelastningen kan utartes i alle retninger og skape uønskede situasjoner og diskusjoner. Statskog vil derfor bl.a. stille vilkår om overgang til arealfeste, herunder ny festekontrakt, når fester søker endret avløpsløsning iht. den foreslåtte planendringen.

Alternativt bør det vurderes om dette skal inn i planen som en rekkefølgebestemmelse.

Ommatrikulering/omgjøring av punktfeste til arealfeste samtidig som søknad om innleggelse av VA-anlegg, samt at ny arealfestekontrakt skal være inngått før ferdigattest på VA-anlegg.

- *Parkeringsplassen. Bør reduseres ift. at behov for parkering uteblir. Areal som ikke reguleres til parkering skal tilbakestilles til naturen så langt det lar seg gjøre.*
- *Gjerde. Statskog ber om at det settes vilkår om grunneiers tillatelse til oppføring av gjerde.*

Statskog har egen festekontrakt på hvert enkelt festeforhold. Jf. festekontrakter er det et generelt forbud mot å gjerde rundt fritidshytter i statsallmenningen.

Statskog ber i tillegg Hoskelie Velforening om å ta kontakt for å avklare praktiske og avtalemessige forhold for å få gjennomført evt. vedtatte planendringer, samt en diskusjon rundt våre forslag til planendringer mv."

Kommunedirektørens kommentarer:

Kommunedirektøren viser til si samla vurdering av saka og tilråd å løyse motsegna frå Mattilsynet ved at det ikkje blir opna for innlegging av vatn- og avløpsløyser i Hoskelie. Punktfeste blir da vidareført i planen, jf. som i gjeldande plan.

Statskog tilråd at vinterparkeringsplassen bør reduserast i storleik da behovet avtar ved opning for vinterbrøyting. Forslagsstillar har ikkje redusert parkeringsarealet i innsendt plan. Dette er m.a.o ikkje følgd opp. Kommunedirektørens sluttar seg til bakgrunnen for Statskog sitt innspel om å redusere opparbeida parkeringsareal. Samtidig er det slik at ikkje absolutt alle hyttene har kjøreveg heilt fram i dag, og kanskje heller ikkje pr. i dag ønskjer å opparbeide veg sjølv om planforslaget opnar for det. Det kan også vere utfordrande å halde tilkomstvegane opne gjennom vinteren, noko som kan tale for at vinterparkeringsplassen blir behalde slik den i dag er opparbeidd. Med vinterbrøyting ligg det betre til rette for å bruke hytta meir vinterstid. Den aktuelle pakeringsplassen kan løyse behov for areal for parkeringa for besøkande og hindre ev. "villparkering" langs kjørevegane.

Statskog har bede om at det i føresegnene blir sett vilkår om grunneigar sitt løyve til oppføring av gjerde. Dette er teke inn føresegnene og slik ivareteke.

➤ **Vågå fjellstyre**, uttale vist i kursiv:

" I høyring på forslag til endringar av reguleringsplan for Hoskelie, så har ikkje fjellstyret vesentlege merknader til forslaga. Det er over 20 år sidan planen vart vedteke fyrste gongen, og da med hytter på «låg standard» utan innlegging av vatn og med avløpsordning, og utan veg fram til hyttene. Med tida har krav

til standard endra seg, og for hytter i regulerte felt både i Sjodalen og i Lemonsjøområdet er det nå tilrettelagt både for veg og vatn/avløp. I dag er det også gjeve løyve til vatn- og avløpsanlegg for hytter utanom regulerte område, så sant det er vegtilkomst til hytta heile året. Fjellstyret har med bakgrunn i denne utviklinga ingen merknader til at det også blir tilrettelagt for dette i hyttefeltet i Hoskelie.

Når det gjeld reglar for gjerde rundt hytter, forstå fjellstyret at kommunen generelt bør innlemme retningslinene for dette i kommuneplanen i dei ulike reguleringsplanane. Men det er ikkje sikkert desse reglane samsvarer med reglane som Statskog har, og som hyttefestarane må halde seg til sidan dei har ei festekontrakt med Statskog som også omfattar vilkår om gjerding. Fjellstyret meiner difor at det må kome fram i føresegnene til planen at det også krevst løyve frå Statskog for oppsetting av gjerde."

Kommunedirektørens kommentarar:

Kommunedirektøren tek fjellstyret sin uttale til etterretning. Det er teke inn i føresegnene at det krevst løyve frå grunneigar Statskog før oppsetting av gjerde.

➤ **Innlandet fylkeskommune**, uttale vist i kursiv:


"Viser til brev av 14.06.21 vedrørende planendring av reguleringsplan for Hoskelie. Formålet med endringen er å åpne opp for vinterbrøyting, samt innlegging av vann og avløp til hyttene innenfor planen jf. felles vedlagt VA-plan. Under varsel om oppstart til reguleringsendringen uttalte Oppland fylkeskommune ved en inkurie at det ikke var nødvendig å foreta ytterligere arkeologiske registreringer innenfor planområdet. Planområdet ble første gang registrert for arkeologiske kulturminner i forbindelse med vedtatt plan i 1998. I etterkant av registreringen har enhet for kulturarv fått tilgang til data for flybårne laserskanninger for området. I forbindelse med offentlig ettersyn av reguleringsendringen, ble det oppdaget objekter i datasettet innenfor planen som mest sannsynlig var uregistrerte automatisk fredete kulturminner.

På bakgrunn av overnevnte ble det den 13.07.21 foretatt en forenklet arkeologisk registrering av de aktuelle objektene. Under registreringen ble det påvist 5 automatisk fredete fangstgropar id 278896, 278897, 278899, 278901 og 278902. (se kartvedlegg 1). Fangstgropene er vedlagt som SOSI-fil. (vedlegg 2).

Det forutsettes at de nyregistrerte fangstgropene får samme vern som de andre automatisk fredete kulturminnene innenfor planen og at det opprettes båndleggissoner H730 for disse i plankartet og at de innlemmes i planbestemmelsene.

Fra vedlagte VA-plan ser vi at det er planlagt utslippsretning fra enkeltanlegg mot automatisk fredete fangstgrop id 278896 (gbnr 187/1/1186). Det er ønskelig at utbygger ser på muligheten til å endre utslippsretningen og eventuelt justere denne mot sør, slik at fangstgropa ikke blir påvirket av tiltaket og at fangstgropa får et godt langsiktig vern gjennom planforslaget."

Vedlegg til uttalen er vist under:




Kommunedirektørens kommentarar:

I innsendt planforslag er dei kulturminna fylkeskommunen omtaler vist med båndleggingszone H730 samt innarbeidd i reguleringsføresegnene tilsvarande som for dei andre automatisk freda kulturminna.

➤ **Fjellnett AS**, uttale vist i kursiv:

"Vi gjør oppmerksom på at Fjellnett AS har et omfattende lavspent kabelnett og høyspentnett i planområdet. Sjå vedlagt kart."



Kommunedirektørens kommentarar:

Plankart og føresegner viser høgspenline med faresone på 7,5 meter til kvar side. Vidare er eksisterande nettstasjon vist som høgspenningsanlegg og faresone plankartet. Infrastruktur under bakken blir ikkje vist i plan.

Om prosessen etter høyring

Høyringsperioden vart avslutta 06.08.2021. Kommunen sende 11.08.2021 alle innkomne høyringsuttaler til forslagsstillar sin plankonsulent Norconsult. Det gjekk fram av denne oversendinga at NVE og Mattilsynet hadde fremma motsegner, og at forslagsstillar ut frå dette måtte utgreie og supplere planforslaget i samsvar med desse for å kome vidare i planprosessen.

Etter høyringa valde Hoskelie velforeining å handtere saka sjølv slik at Norconsult som plankonsulent ikkje var direkte involvert i all dialog og møte.

Nedanfor er det ei oppsummering av dialog, møte og korrespondanse som har vore i saka etter avslutta høyring. Det har vore ein omfattande prosess. Kommunedirektøren meiner forslagsstillar har fått rettleiing og klare attendemeldingar både frå kommunen, samt også frå regionale instansar, forhold til kva som må til for å løyse motsegnene.

31.08.2021 – brev frå Hoskelie velforeining direkte til Statsforvaltaren i Innlandet.

Velforeininga skriv at dei vurderer motsegnene frå NVE og Mattilsynet å mangle rettsleg grunnlag. Dei ber om at motsegnene blir trekte attende, subsidiært at det blir halde møte og synfaring dei involverte, med departementet til stade. Kopi sendt Vågå kommune, Mattilsynet, NVE og Norconsult. Velforeininga sende same dato brev til Statskog der dei kommenterer deira uttale til planen.

06.10.2021 – svarbrev frå Statsforvaltaren til Hoskelie velforeining.

Statsforvaltaren viser til at motsegnene er knytt til sikring av nasjonale og vesentlege regionale interesser, og at Statsforvaltaren er varsam med å avskjere motsegner frå andre statsetatar. Det blir også peikt på at det er kommunen som er planmyndigheit etter plan- og bygningslova.

10.10.2021 – brev frå Hoskelie velforeining til Statsforvaltaren, Mattilsynet, NVE og Vågå kommune.

Velforeininga ber NVE og Mattilsynet om at standpunkt til lovtolkingsspørsmåla og spørsmål vedr. VA-løysing blir gjort "mest mulig omgående". Ber også kommunen om attendemelding vedr. VA-løysingar.

20.10.2021 – e-post frå Hoskelie velforeining til kommunen.

Velforeininga kjem med synspunkt og ønsker om vidare handtering av planprosessen.

29.10.2021 (journalført som 01.10.2021) – kommunen svarar på Hoskelie velforeining sine e-postar av

20.10.2021 med følgjande e-post:

"Kommunen har vore i dialog med Statsforvaltaren vedr. saka. Statsforvaltaren har nå kalla inn NVE, Mattilsynet og kommunen til møte om saka fredag 5.november. Det blir ikkje lagt opp til deltaking frå forslagsstillar i dette møtet. Det vil bli skrive referat frå dette møtet, og dette er eit offentleg tilgjengeleg dokument som forslagsstillar vil få. Saka er med dette trekt frå saklista til Regionalt Planforum. Kommunen ønskjer i alle planprosessar å leggje til rette for ein open og god dialog med forslagsstillar. Vi vil orientere forslagsstillar i etterkant av møtet omtalt over, og ha ein dialog i den vidare planprosessen."

05.11.2021 – gjennomføring av teams-møte mellom Statsforvaltaren, NVE, Mattilsynet og kommunen.

10.11.2021 - Statsforvaltaren sitt referat datert 10.11.2021 frå møtet 05.11.2021. Referatet er sitert i kursiv under:

"Kommunen ønska møte med NVE, Mattilsynet og Statsforvaltaren for å få meir informasjon om motsegnene og dialog rundt korleis dei kunne løysast.

Motsegnene er knytt til ivaretaking av nasjonale og vesentlege regionale interesser, samt formelle manglar. Det vart gitt rettleiing om kva som skal til for å løyse motsegnene, noko som også går fram av høyringsuttalene frå NVE og Mattilsynet. Statsforvaltaren står fast ved vurderinga uttrykt i brevet sendt til kommunen den 29.juli, og understreka at motsegna frå NVE og Mattilsynet oppretthaldast. Statsforvaltaren viste og til sine egne merknadar til planen.

Statsforvaltaren stiller seg til disposisjon for kommunen for å hjelpe til med det vidare arbeidet."

10.11.2021 – kommunen sender Statsforvaltaren sitt møtoreferat til Hoskelie velforeining.

Kommunen tilbyr møte med ønske om å rettleie og hjelpe dei vidare i prosessen ut frå dei merknader og motsegner som heftar ved planen.

11.11.2021 – e-post frå Hoskelie velforeining til kommunen.

Velforeininga er kritiske til at forslagsstillar ikkje var invitert til møtet 5. nov. Held fram tidlegare argumentasjon. Stiller spørsmål ang. alternativa vidare.

16.11.2021 – velforeininga purrar på attendemelding.

16.11.2021 – kommunen inviterer representantane for velforeininga inn til møte for dialog og drøfting av vegen vidare.

25.11.2021 – gjennomføring av møte mellom kommunen og representantane for velforeininga.

30.11.2021 – kommunen sender "Referat frå møte 25.11.2021 - dialog om status og vidare prosess for endring av detaljregulering for Hoskelie". Det går m.a. fram av referatet at *"Motsegnene som er fremma til planforslaget er knytt til ivaretaking av nasjonale og vesentlege regionale interesser og formelle manglar. Kommunen tek motsegnene til etterretning og sluttar seg til desse. Kommunen erfarer tilsvarande motsegner og faglege krav i andre plansaker. For å kome vidare i planprosessen må forslagsstillar gjere dei utgreiingar og justeringar som må til for at motsegnene kan trekkast attende."* Vidare at *"Ved oppfølging av private planprosessar ønskjer kommunen å legge til rette for ein open og god dialog med forslagsstillar. Vi stiller gjerne i møte for drøfting og rettleiing om det er behov for det. Administrasjonen rår forslagsstillar til å drøfte vidare arbeid med sin plankonsulent. Vi oppmodar til at det blir teke kontakt med kommunen for undervegs møte for gjennomgang av planforslaget før ny formell innsending."*

02.12.2021 – Hoskelie velforeining sender brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

06.12.2021 – brev frå Hoskelie velforeining til kommunen der kopi av brev datert 02.12.2021 til departementet er vedlagt.

15.12.2021 – brev frå Hoskelie velforeining til Vågå formannskap. Velforeininga ber kommunen gå til mekling og ber om at sak om dette blir lagt fram for Formannskapet. Det er i januar og starten av februar korrespondanse mellom ordførar og representant for Hoskelie hyttevelforeining. Ordførar legg fram saka til orientering og drøfting i formannskapsmøte 10. februar 2022. Ordførar vidare sender, og legg fram, velforeininga sine brev/vedlegg til representantane i Formannskapet, og saka blir drøfta i formannskapsmøtet 10.02.2022. Formannskapet meiner det ikkje er grunnlag for å ta saka til behandling før motsegner frå Mattilsynet og NVE er svara ut på ein slik måte at kommunen har grunnlag for å be om at motsegnene blir trekt attende. Ordførar formidlar dette til velforeininga.

04.03.2022 – e-post frå Hoskelie hyttevelforeining til kommunen. Det blir vist til vedtak i ekstraordinært årsmøtet i velforeininga 26.02.2022 om å omgjere VA-delen av reguleringsplanen *"til kun å tillate utslipp/infiltrasjon av gråvann. Dette antas å være den eneste måten man innenfor rimelige praktiske og økonomiske rammer kan imøtekomme de viktigste innvendinger/innsigelser som har kommet mot planen. En løsning med kun gråvannsinfiltrasjon, kombinert med bio-do, forbrenningstolett og utedo, anses også å være den mest fremtidsrettede løsning miljømessig."*

27.04.2022 – e-post frå Hoskelie hyttevelforeining til kommunen. E-posten er vedlagt revidert VA-plan, og notat meint som utsvar av motsegnene frå NVE og Mattilsynet. Velforeininga ber om attendemelding frå kommunen før dei ber Norconsult ferdigstille øvrige delar av revidert planforslag.

09.05.2022 – Kommunen sender pr. e-post over motteke materiale frå velforeininga til Mattilsynet etter å ha vore i telefonisk kontakt om ønske om gjennomgang at saka.

31.05.2022 – Kommunen får attendemelding frå Mattilsynet på e-post om at dei har gått gjennom materialet og føreslege møtedato.

01.06.2022 – Velforeininga etterspør pr. e-post attendemelding og kommunen svarer pr. e-post at kommunen vil ha møte med Mattilsynet før det blir gjeve attendemelding.

03.06.2022 – Kommunen har teamsmøte med Mattilsynet med gjennomgang av revidert VA-plan. Mattilsynet er tydelige på at motsegn ikkje kan trekkast med bakgrunn i nytt framlagt forslag til løysing. Kommunen orienterer pr. e-post same dag 03.06.2022 velforeininga om dette og at kommunen vil kome attende til velforeininga med meir detaljert informasjon i løpet av kommande veke.

10.06.2022 – Kommunen har teamsmøte med representantar frå Hoskelie hyttevelforeining og går gjennom forslag til endra VA-plan med bakgrunn i møtet med Mattilsynet 03.06.2022.

12.06.2022 – Velforeininga ber pr. e-post til kommunen om at kommunen får i stand eit nytt møte med Mattilsynet der også velforeininga er til stade. Dei etterspør også deltaking frå NVE med bakgrunn i at også NVE har motsegn til planen. Kommunen tek med bakgrunn i dette 15.06.2022 telefonisk kontakt med Mattilsynet med førespurnad om møte.

20.06.2022 – Mattilsynet melder pr. e-post attende til kommunen at dei meiner det ikkje er riktig av Mattilsynet å stille i møte med forslagsstillar, og at det er kommunen som planstyresmakt som må følge opp overfor tiltakshavar, også i forhold til at forslagsstillar ikkje har svara ut fleire av dei påpeikte punkta i motsegna.

20.06.2022 – Kommunen vidareformidlar same dag Mattilsynet si attendemelding til Hoskelie hyttevelforeining og viser til at det av Mattilsynet sin uttale/motsegn går fram kva forhold som må ivaretakast, samt at kommunen m.a.o. ikkje har grunnlag for å gå vidare med planen før motsegner fremma av NVE og Mattilsynet er ivaretekne i planforslaget.

29.06.2022 – Kommunen tek kontakt med Statsforvaltaren jf. deira samordningsrolle. Utgangspunktet er Hoskelie velforeining sitt brev til Mattilsynet og brevet kommunen samtidig mottok. Vågå kommune viser til at kommunen som planstyresmakt eit ansvar for å handtere planprosessar på ein forsvarleg og ryddig måte og gjerne ønsker dialog om saka, samt å delta i møte om saka.

01.07.2022 – Kommunen deltek i møte med Statsforvaltaren og Mattilsynet. Det blir beslutta at kommunen inviterer Mattilsynet og NVE og forslagsstillar til møte 6. juli vedr. oppfølging av motsegner til planforslaget. Invitasjon blir sendt ut 01.07.2022.

05.07.2022 – NVE svarar på møteinvitasjonen med e-post der det m.a. går fram at *"NVE vurderer derfor at planene/grunnvannsuttaget ikke trenger noen nærmere avklaring etter vannressurslovens bestemmelser."* Vidare skriv NVE m.a.: *"For å løse innsigelsen mht. flom, kan man velge å utvide hensynssonen til også å omfatte områder der bekkene potensielt kan ta nytt løp ved flom."*

06.07.2022 – gjennomføring av dialogmøte om planforslaget med representantar frå velforeininga, Mattilsynet, Statsforvaltaren og kommunen. Mattilsynet la fram ein presentasjon som tok for seg grunnlaget for deira motsegner og deira vurderingar av revidert VA-plan (27.04.2022). Mattilsynet understreka kommunen sine plikter og ansvar. Mattilsynet viste til krav til vassverkseigar jf. drikkevassforskrifta, og kva som må til for å ivareta dette. Det vart vist til at eigarskap til VA-anlegget bør fastsetjast i planen.

08.07.2022 – Kommunen sender ut referat frå møtet, vedlagt Mattilsynet sin presentasjon i møtet samt NVE sin e-post 05.07.2022. Det går fram av referatet at Mattilsynet sine vurderingar og krav må leggjast til grunn for å løyse motsegnene. Når det ligg føre eit planforslag som gjev grunnlag for at motsegnene kan trekkast attende, kan ein kome vidare med planprosessen.

12.07.2022 – Brev frå velforeininga med deira kommentarar etter dialogmøtet 06.07.2022. Kommunen blir beden om å vidaresende dette øvrige deltakarar i møtet, noko som blir gjort same dag.

01.08.2022 – Brev frå velforeininga til kommunen. Velforeiningar sender over si vurderinga av nokre tema slik at administrasjonen kan ta eit standpunkt til dette før velforeininga ber Norconsult ferdigstille plandokumenta. Tema er flomanalyse, nye vassforsyningsbrønnar, vasskvalitet i eksisterande brønnar, krav til vasskvalitet for fellesbrønnar, omsynssoner, rekkefølgesegner, Mattilsynet si tilråding vedr. krav til gråvassanlegg.

18.08.2022: Velforeininga sender kommunen analyseresultat frå vassprøver teke i juni 2022 av tre av dei eksisterande fellesbrønnane. Etterspør også attendemelding på deira brev av 01.08.2022.

26.08.2022 – Brev frå kommunen med attendemelding på velforeininga sitt brev av 01.08.2022. Kommunen peiker m.a. på at Plan- og bygningslova set krav om heilskapleg planlegging, herunder også heilskapleg planlegging av vatn, avløp og overvatn. Med det følgjer eit ansvar for å sjå til at reguleringsplanen sikrar omsynet til drikkevatt og vil følgje opp tilrådingar og krav frå Mattilsynet, jf. deira motsegner. Forslaget til VA-plan legg opp til 30 gråvassanlegg og totalt 21 drikkevassbrønnar innafor planområdet. Det blir vist til at Øvre Sjoavassdraget er ein sårbar resipient. Vidare er det konkretisert kva endringar vedr. VA, samt krav om vassprøveanalyser, som vil følgje opp Mattilsynet si motsegn, herunder krav om biofilter og krav om felles eigarskap.

01.09.2022 – Brev frå velforeininga til kommunen.

Velforeininga er ueinige i kravet om biofilter som gråvassrensaneanlegg, men tek det til etterretning og vil innarbeide det i føresegnene saman med krav om inngåing av drifts- og serviceavtale med firma. Er skuffa over at kommunen ikkje kjem velforeininga i møte på deira merknader om felles eigarskap, men tek det til etterretning og vil innarbeide det i reguleringsføresegnene. Har teke komplette analyser av 3 av fellesbrønnane og vil ta supplerande vassprøver av dei 4 resterande fellesbrønnane, jf. kommunen si attendemelding. Flomfare vil bli ivareteke i føresegnen, jf. TEK17.

Hoskelie hyttevelforeining vil be Norconsult om å oppdatere reguleringsføresegner, plankart og planbeskrivelse, men ser ikkje behov for oppdatering av VA-planen da den er oppdatert til å gjelde berre gråvassanlegg og de nødvendige krav m.o.t. biofilter og eigarskap vil teke inn i føresegnene.

07.09.2022 – Brev frå kommunen til velforeininga. Kommunen gjev attendemelding om at VA-planen er eit sentralt plandokument og må oppdaterast slik at det er fullstendig samsvar mellom dette dokumentet og dei øvrige plandokument. Vidare at VA-planen må omtale kravet om biofilter og kravet om eitt eigarskap, samt at resultatane frå vassprøveanalysane av dei sju eksisterande drikkevassbrønnane blir teke inn i VA-planen.

14.09.2022 – Brev frå velforeininga til kommunen der det blir opplyst at VA-plan vil bli oppdatert i samsvar med kommunen si attendemelding.

09.10.2022 – Brev frå velforeininga med oversikt over dei justeringar av plandokument som vil bli gjort for ny innsending. Det blir stilt spørsmål om vidare prosess. Spørsmål om kommunen har avklart med Statskog i forhold til deira merknader.

12.10.2022 – Kommunen gir attendemelding om at planforslaget også må ta omsyn til høyringsuttaler frå offentleg ettersyn. Kommune melder attende at Statskog sin høyringsuttale samt deira brev 16.03.2022 til velforeininga ikkje er nærare avklara men at administrasjonen har bede om eit møte med Statskog om saka.

01.11.2022 – Administrasjonen har teamsmøte med Statskog om deira høyringsuttale. Kommunen oppmodar Statskog til å ta kontakt og ha dialog med velforeininga/forslagsstillar i forkant av innsending av revidert planforslag. Kommunen sender revidert VA-plan samt velforeininga sitt brev av 09.12.2022 og kommunens attendemelding 09.10.2022 til Statskog til deira orientering.

21.12.2022 – Norconsult sender inn revidert planforslag for Hoskelie

10.01.2023 – Kommunen har teamsmøte med Mattilsynet om revidert VA-plan. Mattilsynet signaliserer at revidert VA-plan ikkje gir grunnlag for attendetrekking av motsegn.

10.01.2023 – Kommunen kontaktar Norconsult med førespurnad om møte med bakgrunn i revidert VA-plan, vurdering av vasskvalitet i eksisterande drikkevasskjelder samt dialog om krava i drikkevassforskrifta og VA-planen sin omtale av dette.

17.01.2023 – Teamsmøte mellom kommunen og forslagsstillar representert ved velforeininga og Norconsult.

24.01.2023 – Brev frå velforeininga som oppfølging av teamsmøtet 17.01.2023. Velforeininga skriv at dei finn Mattilsynet si haldning uakseptabel og forventar at kommunen støttar velforeiningar i deira argumentasjon

overfor Mattilsynet. Velforeininga er ueinige i at brønnane i Hoskelie skal sjåast på som eitt vassforsyningssystem med produksjon over 10 m³/døgn, med dei krav som vil følgje med dette. Dei skriv m.a. at dersom Mattilsynet ikkje snarast trekk attende si motsegn, ber dei om at kommunen omgåande ber om mekling, med endeleg avgjerd i departementet dersom mekling ikkje fører fram, eller at planen blir framlagt for kommunestyret. Eit negativt vedtak i kommunestyret ønskjer dei å klage til departementet/Statsforvaltaren, samt krevje saksomkostningar dekkja.

Dersom Mattilsynet sitt syn får gjennomslag, vil velforeininga trekke VA-planen, og ev. heile reguleringsplanen. Viser til at Mattilsynet si tolking av regelverket vil medføre svært høge kontroll- og prosedyreomkostningar for drikkevannsbrønnene.

26.01.2023 – Velforeininga sender kommunen kopi av presisering frå Norconsult vedr. løysing for drikkevassbrønnar i VA-plan for Hoskelie.

07.02.2023 – Brev frå kommunen til velforeininga med attendemelding på revidert planforslag og oppfølingsbrev av 24.01.2023 og 26.01.2023. I si konklusjon i brevet skriv kommunen:

"Vågå kommune sitt standpunkt i denne saka er at alle fjellbrønnar må ha vassbehandling for at det kan leverast hygienisk trygt drikkevatt. Enkeltsvassforsyningar er ikkje fritatt frå kravet om å levere trygt drikkevatt, og for å oppnå dette må også dei ha vassbehandling. Enkeltsvassforsyningane blir da eitt vassforsyningssystem som skal registrerast og godkjennast av Mattilsynet. Sidan alle VA-anlegg skal ha felles eigarskap, vil vassforsyningssystemet bli eigd av eitt andelslag med tilhøyrande abonnentar.

I VA rammeplanens kapittel 4.2 står det "Nøyaktig lokalisering, og antall brønner, må vurderes ut ifra en helhetlig vurdering av vanngiverevne og risiko for kontaminering".

Den heilskapelege vurderinga må gjerast før Vågå kommune kan be Mattilsynet trekke sitt motsegn.

Reguleringsplanen kan da få sikringssoner som er basert på kvalitative data i staden for skjønn. Og det må definerast kva slags vassbehandling som er naudsynt for å sikre hygienisk trygt drikkevatt."

13.02.2023 – Brev frå velforeininga som svarar på kommunens brev av 07.02.2023

Velforeininga meiner kommunen og Mattilsynet legg til grunn feil lovforståing. Dei meiner m.a. det er feil å vise til pbl § 27-1 ("ved endring av hytter frå lågstandard til høgstandard er det krav til at det skal være forsvarleg tilgang på hygienisk betryggande drikkevatt") da bestemmelsen står i byggesaksdelen og må sjåast i samanheng med pbl § 26 (om oppretting/endring av eigedom). Velforeininga meiner det er ikkje dekning for kommunen sine vurderingar av enkeltvassforsyningar og krav om vassbehandling. Vidare meiner dei at Mattilsynet/kommunen si vurdering av enkeltvassforsyningane som eitt felles vassforsyningssystem bygger på feil lovforståing og ikkje kan samanblandast med etablering av "andelslag" som dei har oppfatta som eit "organisatorisk grep". Vidare har velforeininga merknader til hygienisk barriere, prøvetaking/grunnforhold, vurdering av vassprøveresultata. Velforeininga stiller også spørsmål om kommunen nå kjem med eit nytt krav, - om detaljprosjektering av VA-anlegga i reguleringsfasen.

14.02.2023 – velforeininga sender planforslaget inn til kommunen og ber om behandling i kommunestyret (vedlagt).

27.02.2023 - Kommunen sender motteke planforslag til uttale til dei instansane som har fremma motsegn, dvs. Mattilsynet og NVE. For å ha eit oppdatert grunnlag for vidare behandling av planforslaget ber kommunen om uttale til det justerte planforslaget. Kopi går til Statsforvaltaren i Innlandet og Innlandet fylkeskommune til orientering i fall instansane har , samt til forslagsstillar. Kommunen kan ikkje sjå bort frå motsegner som er fremma. Frist for uttale vart sett til 22. mars.

20.03.2023: Kommunen mottok uttaler frå Mattilsynet og NVE (sitert under):

➤ **Mattilsynet** (uttale 20.03.2023, vist i kursiv) (Vedlagt):

"Vi viser til kommunens oversendelse 27.02.2023 med revidert reguleringsplan for Hoskelie.

I dette brevet følger noen forslag til løsninger som kan bidra til at vi trekker innsigelsen.

Hensikten med planarbeidet var å tilrettelegge for helårsveg og innlagt vann/avløp.

I planbestemmelsene datert 16.12.2022 står det at alle nye VA-anlegg innenfor planområdet skal ha felles eierskap og vannforsyningene skal etableres i områder for grunnvannsforsyninger. Mattilsynet synes det er positivt at det er krav om felles eierskap og at vannforsyninger kun kan etableres i avsatt område som sikrer en begrensning på antall vannforsyninger/anboringer.

Mattilsynets innsigelse av 07.07.2021

Mattilsynet fremmet innsigelse fordi de foreslåtte løsningene for drikkevann ikke var tilstrekkelig utredet. I innsigelsen viser vi til at planen ikke er tilstrekkelig utredet med tanke på hvordan avløpsløsningene vil påvirke nåværende og framtidige drikkevannsbrønner i fjell og vannforekomstene. Videre viser vi til at planen ønsker å etablere flere private brønner i hyttefelt. Vurderinger av vannkvaliteten i kildene manglet.

Hva skal til for at Mattilsynet trekker innsigelsen

Dere må gjøre en utredning av hvordan mange avløpsanlegg vil påvirke de mange fjellbrønnene. Mange avløpsanlegg kombinert med mange brønner kan øke faren for forurensing av drikkevannet. Vår forutsetning for å trekke innsigelsen er at forurensningskildene til drikkevannet blir fjernet. Dette kan for eksempel gjøres ved felles avløpsanlegg for gråvann, rensed avløpsvann må ledes til en resipient som ikke kommer i konflikt med brønnenes tilsigsområde. Hensynssoner for grunnvannsbrønner må plasseres ut ifra denne utredningen."

➤ **NVE** (uttale 20.03.2023, vist i kursiv)

"Vi viser til brev datert 27.02.2023. Saka gjeld reguleringsplan for Hoskelie i Vågå kommune. I brevet ber de oss om å vurdere å trekke motsegn til planen på grunnlag av reviderte plandokument.

NVE trekker motsegn til endring av reguleringsplan for Hoskelie hyttefelt. Med revidert framlegg til endring av reguleringsplanen svarar kommunen for NVE sine merknader til planframlegget. Planen for uttak av grunnvatn krev ikkje ytterlegare avklaring etter reglane i vassressurslova, og med revidert omsynssone flaumfare tek planen tilstrekkeleg omsyn til potensielle farar.

Om motsegna

NVE fremja motsegn til endring av reguleringsplan for Hoskelie hyttefelt – delar av gnr. 187 bnr. 1 i brev datert 01.07.2021. Grunnlaget for motsegna var manglande avklaring av planlagt vassuttak etter vassressurslova, og at planframlegget ikkje avklara reell fare for flaum.

NVE si vurdering av revidert planframlegg

Avklaring av planlagt vassuttak etter reglane i vassressurslova

I reviderte plandokument er det gjort nærare avklaring av rammene for vassforsyning i planområdet. Planlagt uttak av grunnvatn er halvert frå 44 m³/døgn til 22 m³/døgn. Samla uttak av grunnvatn ligg under 100 m³/døgn som er grense for meldeplikt til NVE, jf. vassressurslova § 45.

NVE har i dialog mellom Vågå kommune og NVE konkludert med at planane og grunnvassuttaket ikkje treng nærare avklaring etter vassressurslova, og vi vurderer at grunnlaget for NVE si motsegn har falle bort. Med føresetnad om at planen vert vedteken i samsvar med det vurderte framlegget trekker NVE motsegn til endring av reguleringsplan for Hoskelie hyttefelt for dette motsegnspunktet.

Avklaring og omsyn til reell flaumfare

I revidert plankart er omsynssone flaumfare H320 oppdatert og omfattar areal 20 m på kvar side av bekkar og dreneringslinjer. I tillegg er det tatt omsyn til kritiske punkt knytt til desse, som tek høgde for nye flaumvegar dersom manglande flaumkapasitet i dei kritiske punkta.

Sjølv om omsynssone flaumfare framleis ikkje er basert på ei reell farekartlegging, dekker omsynssona areal som normalt er vurdert som tilstrekkeleg avstand frå bekkar med nedslagsfelt mindre enn 20 km², jf. NVE 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar. Vi vurderer at grunnlaget for NVE si motsegn knytt til manglande avklaring av reell flaumfare har falle bort. Med føresetnad om at planen vert vedteken i samsvar med det vurderte framlegget trekker NVE motsegn til endring av reguleringsplan for Hoskelie hyttefelt for dette motsegnspunktet."

30.03.2023: Velforeininga sender brev til Mattilsynet med kopi til kommunen og Statsforvaltaren. Velforeininga set fram eit krav om at Mattilsynet trekk si motsegn. Velforeininga skriv at dei set ein frist på 14 dagar før planen går til behandling i kommunestyret med eventuell påfølgjande klage til departementet/statsforvalteren. Velforeininga hevdar at Mattilsynet har misforstått rolla si som innsigelsesinstans etter Plan- og bygningsloven.

20.04.2023: Velforeininga sender brev til kommunedirektøren og ber på nytt om at den reviderte reguleringsplanen snarast mogleg blir framlagt for kommunestyret for avgjerd.

Kommunedirektøren har etter dette gjeve velforeininga attendemelding om at plansaka vil bli framlagt for kommunestyret i deira møte 25. mai.

Vurdering:


Ved oppfølging av private planprosessar ønskjer kommunen å legge best mogleg til rette for god dialog med forslagsstillar og gje mest mogleg føreseielege prosessar. Samtidig vil det i alle planprosessar vere slik at nye moment, nytt kunnskapsgrunnlag, krav frå offentlege styresmakter mv. kan utløyse utgreiingskrav, krav om endring av planforslaget og påverke framdrifta i behandlingsprosessen. Dette gjeld generelt for alle planprosessar. Oppstartsmøtet, og planoppstart, gjev ingen rettar i den seinare saksbehandlinga.

For å løyse motsegner er det er generelt tilrådd at kommunen drøftar saka med dei instansar som har fremma motsegn. Dette har vore gjort. Det har vore fleire møte med aktuelle regionale instansar. Kommunedirektøren kan ikkje sjå bort frå motsegner som er fremma. Kommunedirektøren kan heller ikkje tilrå løysingar som fagleg ikkje er forsvarlege, og stiller seg bak Mattilsynet sine faglege vurderingar og deira motsegn. Kommunen er lokal planstyresmakt og lokal forureiningsstyresmakt. Kommunedirektøren meiner det er beklageleg at velforeininga gjentekne gonger trekkjer regionale styresmakter si motsegnskompentanse i tvil.

NVE har trekt sine motsegner da dei vurderer revidert planforslag å i tilstrekkeleg grad ta i vare forhold knytt til deira ansvarsområde. Det er motsegn frå Mattilsynet til det reviderte planforslaget. Kommunedirektøren støttar Mattilsynet i deira vurderingar, og meiner det vil vere svært stor fare for kontaminering av drikkevassbrønner slik planforslaget med tilhøyrande VA-plan er fremma. Kommunen har som planstyresmakt og lokal forureiningsmynde eit ansvar for å sjå til at den arealbruk reguleringsplanen opnar for er i samsvar med kravet om forsvarleg tilgang til nok og hygienisk trygt drikkevatt, slik pbl § 27-1 føreset.

Ein VA-rammeplan skal leggje føringar for korleis vatn og avlaup trygt skal handterast. Det er krav etter Plan- og bygningslova (PBL) § 3.1.i som seier at planar skal leggje til rette for heilskapleg forvaltning av vatnet sitt kretsløp, med nødvendig infrastruktur. VA-rammeplanen som er utarbeidd av Norconsult på vegne av Hoskelie hyttevelforeining, legg opp til 30 drikkevasskjelder og 40 utsleppspunkt. Dette er ei VA-løysning som er oppsplitta i enkeltanlegg og bryt med prinsippet om heilskapleg planlegging og forvaltning av vatnet.

Forureiningsforskrifta definerer tettbebyggelse som *"ein samling hus der avstanden mellom hus ikkje er meir enn 50 meter"*. I Hoskelie er det tre samlingar med hytter som definerast som tett fritidsbebyggelse i SSB si kartløysning (sjå figur), innafor dei områda ligg det 30 hytter.



VA-rammeplanen har sett 5 personekvivalentar (pe) pr. hytte, det er totalt 44 hytter innafor reguleringsplanen, noko som gir 220 pe for heile feltet og 150 pe for den tette fritidsbebyggelsen. Planen opnar for såpass stort utslepp at det fell inn under forureiningsforskrifta kapittel 13, og ein bør sjå heilskapleg på avløpsløyninga. For kommunen som forureiningsmyndigheit er det ønskeleg med færrest moglege kontrollpunkt. Det er mykje enklare å føre tilsyn og kontroll med eitt anlegg enn 40.

Ved endring av hytter frå lågstandard til høgstandard er det krav til at det skal være forsvarleg tilgang på hygienisk betryggande drikkevatt (jf. pbl § 27-1). Det må da etablerast tilstrekkelege hygieniske barrierar for å reinse vatnet.

Fjellbrønner vil aldri kunne fungere som ei hygienisk barriere på grunn av at fjell ikkje har nokon reinsande effekt på vatnet og rask avrenning i fjellsprekkar gjer at opphaldstida er for lita. Det er allereie etablert 20 fjellbrønner i Hoskelie utan nokon form for reinsing.

I Hoskelie vart det teke ein prøveserie i august 2022 som viser forureining i tre av sju brønner. Det er blant anna påvist for høge verdiar av Mangan, i VA-rammeplanens (Norconsult) kapittel 2.4.2 står det "*Stort inntak av Mangan kan ha skadelige virkningar på sentralnervesystemet*". Mangan er ikkje noko som kjem og går, når ein fyst har fått den type forureining i ein brønn, blir det berre verre ved større vassutak.

Vågå kommune har tre vassverk med fjellbrønner som kjelde. Ved gjennomgang av råvassprøvene dei siste 7 år har alle vassverka påvist verdiar av koliforme bakteriar, intestinale enterokokker og kimtall som ligg over grensene i drikkevassforskrifta. Det er difor etablert vassbehandling med UV og klor på vassverka slik at vatnet blir desinfisert før det blir levert til abonnentane.

Ein kombinasjon av enkeltvassforsyningar og avlaupsløyningar som er meint for spreidd bebyggelse er ikkje eigna i eit hyttefelt som Hoskelie der det er tett hyttebebyggelse. For å imøtekomma krav i Plan og bygningslova, drikkevassforskrifta og forureiningsforskrifta bør det installerast vassbehandlingsanlegg med tilstrekkelege hygieniske barrierar å unngå brukarkonfliktar med avløpsanlegg. Det hadde også vore ein fordel å samla opp alle avløpsanlegga til eitt utsleppspunkt som ligg med sikker avstand nedstrøms alle drikkevasskjelder.

Vidare handtering av planforslaget

Hoskelie velforeining hevdar at grunnlaget for motsegna frå Mattilsynet ikkje er til stade og ber om at deira innsende planforslag blir framlagt for kommunestyret. Planprosessen har gått over lang tid, og saka har vore ressurskrevjande både for kommunen og forslagsstillar. Slik kommunedirektøren vurderer saka har kommunestyret tre alternativ for vidare behandling av planforslaget:

- A.** Kommunestyret avviser planforslaget
- B.** Kommunen vedtek planforslaget, men utan opning for innlegging av vatn og avløpsløyser
- C.** Kommunen går til mekling

A. Kommunestyret avviser planforslaget (jf. § 12-11)

Kommunedirektøren har etter høyring av planforslaget gjeve attendemeldingar til forslagsstillar om at ein ikkje vil fremje planforslag det er motsegn til. Formannskapet signaliserte etter si drøfting av saka 10.02.2022 at dei ikkje såg at det var grunnlag for å ta saka til behandling før motsegnene var svara ut på ein slik måte at kommunen hadde grunnlag for å be om at motsegnene vart trekt attende. Denne situasjonen er ikkje endra. Kommunedirektøren stiller seg bak Mattilsynet si faglege vurdering og meiner det ikkje er forsvarleg å fremje planen slik den er innsendt.

Dersom kommunestyret avviser planforslaget jf. pbl § 12-11, vil dagens reguleringsplan frå 1999 for Hoskelie vere gjeldande plan for området. Kommunedirektøren vil ikkje tilrå at innsendt planforslag blir avvist. Forslagsstillar sitt formål med planrevisjonen var ikkje berre å legge til rette for innlegging av vatn i hyttene, men også å legge til rette for vinterbrøyting heilt fram til hyttene og elles oppdatere planen ut frå dagens situasjon. Kommunedirektøren meiner alle partar er tent med ein oppdatert reguleringsplan for området. Dersom planforslaget blir avvist med heimel i pbl § 12-11, vil velforeininga som starta opp planrevisjonen vere attende til utgangspunktet. Det går fram av KMD sin reguleringsplanretteiar at berre positive planvedtak kan klagast på. Eit vedtak om ikkje å fremme ein plan, er eit negativt vedtak, og det er ikkje klagerett på dette.

B. Kommunen vedtek planforslaget, men utan opning for innlegging av vatn- og avløpsløyser (pbl § 12-12)

Dette alternativet inneber at kommunen vedtek planforslaget, men utan opning for innlegging av vatn og avløpsløyser. Kommunen tek da til følge Mattilsynet si motsegn. Dette er i samsvar med kommunedirektøren sine VA-faglege vurderingar.

Eit slikt "reduisert" planforslag vil ikkje opne for høg standard i form av innlegging av vatn og avløpsløyser, men vil ivareta øvrige formål med planrevisjonen som var vinterbrøyting og kjøreveg heilt fram til hyttene og elles oppdatering av planen i samsvar med føringar i kommuneplanens arealdel og elles etter dagens situasjon i området, samt føringar i plan- og bygningslova. Kommunedirektøren meiner det ligg til rette for å vedta eit "reduisert planforslag". Det har ikkje kome vesentlege merknader til dei endringane som er gjort i forhold til dagens plan.

Kommunedirektøren meiner vedtak av eit "reduisert planforslag" ikkje utløyser krav om ny høyring da det ikkje er teke inn nye moment utover oppfølging av innkomne uttaler, og arealbruken ikkje går ut over det som allereie har vore høyrte og elles inneber ein vidareføring av dagens plan sitt forbod mot innlegging av vatn og avløp i hyttene. Felles vasspostar blir vidareført med unntak av ein felles vasspost som i VA-planen er omtalt som VP1 som har vist seg å ha for høge verdiar av Mangan og ut frå dette ikkje oppfyller krava til trygt drikkevatt. Denne vassposten er i innsendt plan vist som BVF7 på plankartet. BVF7 er teke ut av plankartet (vedlegg 14).

For å sikre at eit ev. vedtak av reguleringsplan utan opning for innlegging av vatn blir eit eintydig plangodkjenningsvedtak, har kommunedirektøren lagt ved innsendt planforslag der endringane er synleggjort, jf. vedlegg 11 (planbestemmelser), vedlegg 12 (Planbeskrivelse), vedlegg 13 (ROS-analyse) og vedlegg 14 (plankart).

Tekst som er teke ut av dokumenta er markert med raud farge og overstrykingsline. Tekst som er lagt til er vist med blå farge. Planen vil m.a.o. omfatte plandokumenta innsendt, med unntak av VA-planen, med synleggjort korrigering m.o.t å ikkje opne for innlagt vatn og avløpsløysingar. I plankartet er det gjort justeringar som samsvarer med føresegnene (vedlegg 11). Dette inneber at vasspost BVF7 samt omsynssonene H120 (grunnvassforsyning) er teke ut.

C. Kommunen går til mekling (jf. pbl § 5-6)

Dette inneber at kommunen innstiller på å vedta planforslaget slik det er fremma av Hoskelie hytteveforeining. Kommunen tek da ikkje omsyn til motsegn frå Mattilsynet og heller ikkje kommunedirektøren sine faglege vurderingar og tilrådingar, men går til mekling jf. pbl § 5-6. Ved vedtak om å gå til mekling må kommunen gi ei grunngeving av kvifor ikkje motsegn .

Kommunedirektøren viser til sine VA-faglege vurderingar og meiner det er svært uheldig å gå til mekling på dette. Kommunen tek på seg eit stort ansvar som plan- og forureiningsmynde. Det vil også gi eit svært uheldig signal og forventingar for liknande planar og problemstillingar.

Andre tema

I denne planrevisjonen er det nokre tema som har fått mykje fokus. Sidan reguleringsplanar er juridisk bindande dokument og styrer arealbruken skal fleire tema vurderast og ivaretakast. I planbeskrivelsen (planomtalen) er det gjort greie for dagens bruk og planlagt arealbruk. Verknader av planen er omtalt og vurdert kapittel 4 i planomtalen, og endringane i forhold til gjeldande reguleringsplan er her vektlagt. Nedanfor er det ei kort oppsummering i forhold til øvrige tema. Kommunedirektøren viser elles til sine kommentarar til innkomne uttaler.

Landbruksinteresser:

Ikkje så relevant i denne planrevisjonssaka da det ikkje er gjort endringar som vil påverke desse interessene negativt.

Barn og unge samt tilgjenge for alle, universell utforming, folkehelse friluftsliv:

Ikkje så relevant i denne planrevisjonssaka da det ikkje er gjort endringar som vil påverke desse interessene negativt.

Naturmangfald:

Planforslaget legg ikkje opp til nye fritidseiningar og det er ikkje registrert artsførekomstar i området som kan bli råka av planforslaget. Kommunedirektøren viser til vurderingane etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova i framlagt planbeskrivelse.

Kulturminne og landskap:

Innlandet fylkeskommune har i sin høyringsuttale kome med innspel. Dette er ivareteke i planforslaget, jf. også kommunedirektøren sin kommentar til fylkeskommunen sin uttale.

Samfunnsikkerheit og beredskap, ROS-analyse:

ROS-analysen er utarbeidd i samsvar DSB sin rettleiar. Kommunedirektøren meiner det er gjort tilstrekkelege vurderingar.

Konklusjon

Med tilvising til alternativa A, B og C omtalt over, rår kommunedirektøren til å behandle saka etter alternativ B; vedta planforslaget utan opning for innlagt vatn og avløpsløyser. Med det blir forholda det er knytt motsegn til tekne ut av planen. Det reduserte planforslaget tilsvarar innsendt plandokument med justeringar, slik det konkret går fram av vedlegg 11-14.

Framlagt planforslag har vore gjennom ein lang planprosess. Presiseringar og justeringar som er gjort etter offentlig ettersyn er gjort for oppfølging av motsegner og uttaler. Det er ikkje gjort endringar som går utover dei rammer som låg i planforslaget som var ute til offentlig ettersyn. Det er heller ikkje brakt inn nye element i planforslaget som kan påverke andre interesser utover det som allereie har vore på høyring. Kommunedirektøren meiner framlagt planforslag (vedlegg 11-14) ikkje utløyser krav om nytt offentlig ettersyn og ut frå dette kan sluttbehandlast og godkjennast.

Kommunedirektøren si innstilling:

Vågå kommune tek til følgje motsegn frå Mattilsynet og godkjenner med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-12 framlagt planforslag for Hoskelie utan opning for innlagt vatn- og avløpsløyser, vedlegg 11-14. Dei forhold det heftar motsegn til blir med dette teke ut av planen.

Detaljreguleringsplan for Hoskelie erstattar gjeldande reguleringsplan for Hoskelie av 23.03.1999. Vågå kommune stiller seg bak Mattilsynet si motsegn og ønskjer ikkje å gå til mekling på innsendt planforslag for Hoskelie

Formannskapet si behandling av sak 25/2023 i møte den 11.05.2023:

Behandling

Samrøystes

Vedtak

Vågå kommune tek til følgje motsegn frå Mattilsynet og godkjenner med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-12 framlagt planforslag for Hoskelie utan opning for innlagt vatn- og avløpsløyser, vedlegg 11-14. Dei forhold det heftar motsegn til blir med dette teke ut av planen.

Detaljreguleringsplan for Hoskelie erstattar gjeldande reguleringsplan for Hoskelie av 23.03.1999. Vågå kommune stiller seg på Mattilsynet si motsegn og ønskjer ikkje å gå til mekling på innsendt planforslag for Hoskelie.

Kommunestyret si behandling av sak 33/2023 i møte den 25.05.2023:

Behandling

Forslag frå ordføraren:

Saka blir utsett

Samrøystes

Vedtak

Saka utsett

Kommunestyret si behandling av sak 57/2023 i møte den 28.09.2023:**Behandling**

Samrøystes

Vedtak

Vågå kommune tek til følgje motsegn frå Mattilsynet og godkjenner med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-12 framlagt planforslag for Hoskelie utan opning for innlagt vatn- og avløpsløyser, vedlegg 11-14. Dei forhold det heftar motsegn til blir med dette teke ut av planen.

Detaljreguleringsplan for Hoskelie erstattar gjeldande reguleringsplan for Hoskelie av 23.03.1999.

Vågå kommune stiller seg bak Mattilsynet si motsegn og ønskjer ikkje å gå til mekling på innsendt planforslag for Hoskelie.